


# SANDSTRENDER

● Strandlinja langs Jærkysten vekslar mellom nes av berg eller rullestein og bukter med sand. Dette heng saman med at sanden lett kan flyttast både av vatn og av vind. Bølgjene bryt mot nesa og flytter sanden inn i buktene.

● Innafor sjølve sandstranda ligg sanddyner – av ulike slag og alder. Ytst ligg dei store kvite frontdyne- ne. Desse vert nokre år brotne ned av stormbølgjer, men vert bygd opp att i eit samspel av bølgjer og vind – og ikkje minst den uunnverlege planta marehalm.

● Innafor dei store frontdynene ligg dei meir sårbare bakdynene, berre dekkja av eit tynt lag vegetasjon.



Strandskoll – erteplante med store, fine blomar. Ei karakterplante i frontdynene.



● Vidare innover finn vi nokre stader fuktige og kalk- rike enger med næringskrevjande planter. Fleire orki- dear og andre sjeldne planter veks her. Her kan vi også finne fargerike insekt.

● Sanddynelandskap er ikkje stabile, dei kan lett øydeleggast. Artane som veks her er nøye tilpassa dei ekstreme miljøtilhøva.

● Sanddyne-systema på Jæren er mellom dei største og nordlegaste i Nord-Europa. I tillegg til ein rik flora av høgareståande planter er det også fleire sjeldne sopp-, lav- og mose-arter.

● Sandstrendene er viktige rasteplassar for trekkfu- glane - på veg nordover eller sørover. Bølgjene legg opp store tarevollar, og det yrande insektlivet i desse råtnande haugane er god føde for mange fuglearter.

● Mange stader på sandstrendene ser vi at det ligg rullestein like under overflata. Steinane kjem fram i dagen når stormsjø riv vekk sanden og ny sand ennå ikkje er blitt tilført.

● Det er 25 km sandstrender langs Jærkysten.

## KVA ER SAND?

Sand er små mineralkorn som er mellom 0,06 mm og 2 mm. Sand vert danna ved at stein vert losna frå fast fjell av brear, vatn, vind eller frost. Steinane vert stadig mindre ettersom dei vert knuste, rulla og sorterte under transporten frå ein stad til ein annan. Mjukare mineral, som feltspat og glimmer, vert malne ned til partiklar som er endå mindre enn sand. Det harde mineralet kvarts derimot, tåler slitastjen betre og der- for er det mykje kvarts mellom sandkorna. Somme stader kan ein også finne sandkorn av nedslitte kalk- skjell og muslingar.

## KVIFOR SANDSTRENDER PÅ JÆREN ?

Geologane har to forklaringar på kvifor det er så mykje sand på Jærstrendene. Begge kan vere riktige, og i så fall har sanden komme frå to kantar: Ein stor endemorene – Listamoren – ligg i sjøen like utanfor Jæren. Ein slik morene inneheld i utgangspunk- tet leir, sand og stein. Djuptgåande bølgjer plukka opp sandkorn og frakta dei inn mot land kor dei så vart fanga opp i strandsona. Dei ytre delane av Jæren låg isfrie i fleire tusen år, medan den store innlandsisen fram- leis dekkja Høggjæren og fjella innanfor. Alle lausmassane som isen hadde spreidd utover Låggjæren, låg nakne og ubeskytta mot vær og vind. Det kalde tundra-klimaet før vel 13.000 år sidan, gjorde at lite eller ingen vegetasjon dekte lausmassane. Kalde og krafti- ge fallvindar feide ned frå breen og utover Jæren mot havet. Dei plukka opp sandkorn frå morenen og frå breelv-slettene og førte dei vestover til dei trefte strandsona der dei vart fanga opp av havet. Her har mykje sand så skylt inn og ut i eit "evig" krunslau.



Blåvenge – vakker sommarfugl som trivst i ugjødsla bakdyner rike på blomar.

## MAREHALM

For å forstå korleis sandstrendene og sanddynene "lever" må vi sjå på det samspelet som eksisterer mellom sanden og planta marehalm. Marehalmen kan ikkje leve utan stadig "ny" sand frå havet. Havfersk sand inneheld næringsemne som marehalmen treng. Han stortrivst med sandmengder som ville ha drepe andre plantearter. Opptil 1 meter med sand kan han tåle kvart år; han passar berre på å vekse om kapp med sanden. På dette viset kan marehalmen binde enorme mengder sand, og slik har dei populære sanddynene på Jærstrendene vorte danna.



Marehalm



Fylkesmannen i Rogaland  
MILJØVERNDELINGA  
Statens Hus, Stavanger, tlf. 51 56 89 00



Statens Naturoppsyn  
Tlf. 95 96 72 39



Landskaps-  
vernomsråde